



Månadsbrev mars 2020

10. klasse har hatt si nest siste MOT-samling, og det har vore både elevrådsmøte og møte i FAU sidan sist. Endeleg skal me få koma i gang med om- og påbygging på skulen, sjølv om mange er engasjerte i å finna gode løysinga for andre lokale og å koma i gang så fort som mogleg.

Valfagsgruppa design og redesign har laga nokre flotte bilete av foto og gamle vindauge, medan fysisk aktivitet og helse-gruppa sin lunsj til lunsj-tur til Kvinnen vart utsett. Abeldagen skapte engasjement og mykje rekneaktivitet, og etterpå lærte alle om Anne-Cath. Vestly og mange laga ei fin teikning til utstillinga på skulebiblioteket.



Betre seint enn aldri, men ungdomsskuleelevane jobba inn kr. 1600 under Operasjon ArcKenya i haust, og SANA-fondet er svært glade for støtta og takkar hjarteleg. Solbjørg Tjørhom har nett vore på besøk i Majiwa, Kenya, og vil fortelja dei litt om dette om ikkje så lenge.

Denne månaden har **SUR** møte på Sinnes tysdag 3. mars, og det er **SMU-** og **SU-møte** 17. mars. 5. klasse har ansvar for **morgonsamlinga** måndag 9. mars, og 1.-4. klasse skal ha **skidag** med Tonstad skule torsdag 12. mars. I løpet av mars skal 1.-3. klasse ha **kartleggingsprøvar** i lesing, og 2. klasse skal ha i rekning òg. Det vert **foreldre-konferanse** 11. mars for ungdomsskulen, og 17. mars skal 9.-klassingane **hospitera** på Sirdal vgs. og Tryggheim vgs. 23. mars vert det **MOT-samling** på Sinnes for 9. klasse. Før me tar ferie, vil me gjennomføra den **lokale trivselsundersøkinga**, så følg med på heimesida den neste veka.

Det er ein del elevar som skal på **lekselesing** og **SMOK**, og det blir til tider for mykje uro og springing i gangane, så me ynskjer at elevane sit stille på "gangen sin" medan dei ventar. Går ikkje dette, må dei venta ute.

Lokal plan for trafikkopplæring for Sinnes skule er vedteken politisk. Du finn han på heimesida, og legg spesielt merke til reglar for inn- og utkøyning og parkering på skulen. Me satsar på sykkeldag for heile skulen 28. mai med ei innlagd overrasking.



God påskeferie!

Sinnes 02.03.20, *Åse-Berit* (rektor)